



## Innkalling til møte 2 i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Fredag 06. september 2024, kl. 14:30 – 19.00

Stad: Ryfylke Fjordhotell, Verven 9a, 4230 Sand

**Innkallinga går til:**

- Ingrid Fatnes, rep. Sauda kommune
- Martine Hocking, vara Sandnes kommune
- Eivind Hustveit, rep. Sauda
- Maja Kristin Janson Jordal, vara Sauda
- Johanne Klungtveit Næsje, rep. Suldal kommune
- Johan Kilane, vara Suldal kommune
- Arin Eiriksønn, rep. Suldal
- Nora Østerbø, vara Suldal
- Joel Nag, rep. Strand kommune
- Malene Hatteland, vara Strand kommune
- Anne Bratthammer, rep. Strand
- Gabriel Havrevold, vara Strand
- Tiril Espedal, rep. Sandnes kommune
- Brede Krogedal, vara Sandnes kommune
- Peder Krokedal, rep. Hjelmeland kommune
- Marte Hovda, vara Hjelmeland kommune
- Elise Svæven Oaland, rep. Hjelmeland
- Øyvind Opdahl Viga, vara Hjelmeland

**RYFYLKE**

Ein attraktiv region der  
folk vil bu og arbeide



## Saksliste

<b>Sak 05/24</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>	<b>2</b>
<b>Sak 06/24</b>	<b>Framlegg av økonomi og handlingsplan</b>	<b>2</b>
<b>Sak 07/24</b>	<b>Møteplan for 2024</b>	<b>3</b>
<b>Sak 08/24</b>	<b>Vidareutvikling av sommarjobben.no</b>	<b>3</b>
<b>Sak 09/24</b>	<b>K-LAB</b>	<b>4</b>
<b>Sak 10/24</b>	<b>Ryfylketreff for ungdom 2024</b>	<b>5</b>

### **Sak 05/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Styret godkjenner innkalling og saksliste.

### **Sak 06/24 Framlegg av økonomi og handlingsplan**

På bakgrunn av diskusjonen i styremøtet 7.juni 2024 i ungdomsstyret legg arbeidsutvalet fram forslag til handlingsplan og økonomi for ungdomsstyret sitt arbeid som grunnlag for drøfting og vedtak på neste møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Styret godkjenner arbeidsutvalet sitt forslag til handlingsplan og økonomi for ungdomsstyret 2024-2026.
2. Styret ber om at det lysast ut ei stilling i Ryfylke IKS som kan vera kontaktpunktet til ungdomsstyret og dei unge i Ryfylke.

## Sak 07/24 Møteplan for 2024

I vedtekten står det at ungdomsrådet skal ha møte i forkant av Ryfylkerådet slik at styret kan koma med innspel til Regionsrådet sitt arbeid. Det skal normalt vera seks møter per år, der minst to skal vera fysiske.

Arbeidsutvalet har jobba fram følgande datoar for møter til ungdomsstyret i Ryfylke 2024:

- 11.oktober kl.16:00 (teams-møte)
- 3. desember kl.16:00 (teams-møte)

Når Ryfylkerådet sine møtetider for 2025 er offentleg, kan ungdomsstyret planlegge møteplan for 2025.

### ▲ Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møteplanen for 2024-2025.

## Sak 08/24 Vidareutvikling av sommarjobben.no

Sommarjobben.no vart lansert desember 2023. Det er ein regional portal der ungdom kan finne ledige sommarjobbar i Ryfylke og arbeidsgivarar kan sjå oversikt over kandidatar som er på jakt etter sommarjobbar. Det skal vera ein metode for gjera gode koplingar mellom arbeidsgivarar og unge arbeidssøkerar.

Bakgrunnen til satsinga er at ungdom i Ryfylke vil ha meir kunnskap om kva arbeidsmoglegheiter dei har i eigen region. Tidleg introduksjon og praktisk jobberfaring kan føra til at fleire vel ein karriereveg og å busetja seg i Ryfylke. Å tilby ungdom sommarjobb, er ein strategi for framtidig rekruttering av arbeidskraft.

### Resultat frå 2024:

- Ca. 380 jobbar vart registrert (dei fleste kommunale eller reiselivsrelaterte)
- Over 180 ungdommar registrerte seg på nettsida som interessert i sommarjobb. Dei var i alderen 13-38 år. 75% var elevar og 25% var studentar.

### Samarbeid med arbeidslivet

Det vart gjort ein stor manuell innsats med å følge opp både bedrifter og kandidatar, men arbeidet med å gjera gode koplingar er tidkrevjande. Det var fleire tekniske utfordringar med CRM-systemet. Eit slikt arbeid må automatiserast i større grad.

Tilbakemeldingar frå arbeidsgivarar er generelt positive, men fleire vil helst ha direkte kontakt med kandidatane framfor eit mellomledd. I løpet av 2024 var det berre eit fåtal med arbeidsgivarar som tok kontakt angåande kandidatlista. Årsaka er truleg at tilbodet ikkje har nådd ut, men også at dette er ein heilt ny måte å rekruttera på og arbeidslivet involverast på ein

anna måte. Ei slik kandidatliste bør også brukast til å rekruttere ungdom i høgare utdanning med ein spesiell kompetanse.

### Målgrupper

I 2024 retta sommarjobben.no seg mot to ulike målgrupper (elevar og dei i høgare utdanning). Det var vanskeleg å finne sommarjobbar til dei yngre elevane då dei ikkje er kvalifiserte på grunn av alder. I tillegg må det takast omsyn til innsamling av personopplysningar av mindreårige. Anbefaling for arbeidet vidare med sommarjobben.no er å sette ei nedre aldersgrense for å registrera seg og velge ei fokusmålgruppe.

### Studentprosjekt

Fleire arbeidsgivarar rapporterte at dei ønsker tilby sommarjobbar til dei i høgare utdanning, men veit ikkje korleis gå fram. Av prosjektjobbar til ungdom i høgare utdanning, var det fire bedrifter (alle frå Sauda) som lyste ut. Dei bedriftene står saman i eit nettverk «Adresse Sauda». Dei har eit felles opplegg der dei tilsette studentar til å løye konkrete utfordringar for ulike bedrifter. I tillegg blir det arrangert faglege og sosiale samlingar kvar veke for studentane. Etter 6 veker presenterer studentane løysninga på prosjektet. Konseptet er henta frå [Sildikon Valley](#) i Haugesund.

Anbefaling i det vidare arbeidet av sommarjobben.no er at bør det fokuserast på å involvere arbeidslivet i større grad. Skal ein halde fram med å kople arbeidsgivar og unge arbeidstakrar bør ein fokusere på dei i høgare utdanning.

### ▲ Framlegg til vedtak:

Styret kjem med innspel til korleis sommarjobben.no kan vidareutviklast og korleis ungdomsstyret kan involverast i det vidare arbeidet.

Det vil bli delt ut ei gruppeoppgåve på styremøtet som vil legge grunnlag til vedtak i saka.

## Sak 09/24 K-LAB

[Karrierelaboratoriet \(K-LAB\)](#) er eit opplegg for ungdom i samarbeid med skule og arbeidsliv. Opplegget har vore gjennomført på fleire hundre elevar i Stavangerskulane og i Vindafjord, med svært gode tilbakemeldingar. K-LAB skal vera ein møteplass mellom skule og arbeidsliv – eir karriererettleiingstilbod for elevar 9-10 trinn + vg1-elevar. Elevar møter opp på ein fysisk plass og har ein halv dag med opplegg med ulike bedrifter, slik at dei blir betre kjent med arbeidslivet og kan reflektere over vidare yrkesval.

Rogaland fylkeskommune har tatt kontakt med Ryfylke IKS om å vidareutvikla konseptet i Ryfylke i samarbeid med skular, næringsliv, næringshagar osv. Dette har Ryfylke IKS takket ja, fordi det passar inn i tematikken ungdom og utdanning som Ryfylke IKS no jobbar med.

For å gjennomføre dette må det sendast ein søknad til [Rogaland Fylkeskommune/Berekraftig omstilling](#) om midlar til prosjektet. Søknadsfrist er 1.september. Karrieresenteret i Rogaland, Ryfylkealliansen, Næringshagen i Ryfylke er også involvert i prosessen og det er mykje entusiasme om å få opplegget til Ryfylke.

Det er viktig at satsinga blir integrert i eksisterande tilbod, slik at dette ikkje står ved sidan og konkurrera med prosjekter som er i drift eller som er under utvikling.

Ryfylke IKS vil ta på seg ansvaret med å sende søknad og å vera koordinator. Det er viktig å involvera ungdomsstyret i dette arbeidet vidare.

#### ▲ **Framlegg til vedtak:**

Ungdomsstyret stiller seg bak initiativet og skal involverast i arbeidet framover.

## **Sak 10/24 Ryfylketreff for ungdom 2025**

På styremøte 7.juni 2024 jobba styret i grupper med ulike oppgåver, mellom anna Ryfylketreff for ungdom 2025. Her er konklusjonen frå samlinga:

Det skal lagast eit arrangement for ungdommar (16 - 30 år) som har tilknyting til Ryfylke og for arbeidsgivarane i regionen. Målet med arrangementet er å leggja til rette for sterkare koplingar mellom desse. Det er stor forskjell på 16- og 21-åringar. Dei som er over 18 år har begynt å tenke på kva slags retning dei vil gå i livet. Dette bør eit slikt arrangement også ta omsyn til.

Ungdom og studentar skal bli betre kjent med kva for viktige næringar regionen har sterke føresetnadar for, basert på regionen sitt næringsgrunnlag. Kva for spennande arbeidsplassar det er og som regionen har grunnlag for. Kva slags kompetanse arbeidsgivarar har behov for og kva for moglege utviklingstrekk regionen bør leggje opp til.

Arrangementa skal vera faglege og sosiale, kunnskapsbasert på dagen og sosiale aktivitetar om kvelden. Fokus må vera å gjera noko kjekt i lag og samtidig få fagleg på påfyll.

Arbeidslivet, gjennom enkeltbedrifter og næringsforeiningar, bli invitert med til å bidra til innhaldet med sikte på å vise fram kva dei driv med og kva kompetanse dei treng. Bedrifter presenterer stillingar og kommunar både arbeidsmoglegheiter og kva dei elles kan by folk som vil etablera seg. Universitet, høgskular og fagskular bør også vera der og vise fram sine aktuelle utdanningsprogram.

I tillegg bør det vera spennande foredragshaldarar som kan inspirera til innovasjon og nyskapning.

#### **Vidare må det leggjast opp til:**

- Servering av spennande mat inspirert av Ryfylke.
- Musikk og underholdningsinnslag der minst eitt er frå Ryfylke, - men også viktige trekkplaster utanfrå.
- Ryfylke-quiz for ungdom (lag med 16 til 25 år) med finale på arrangementet. Ein quiz som inspirer til læring og det Ryfylke har å by for gruppa, slik dei blir nyskjerringe til å finne ut meir. Kommunale kåringar av lag blir gjort i forkant.
- Promotering av sommarjobbar og presentasjon av traineeestillingar.

Arrangementet har som mål å flytta rundt i regionen på aktuelle arbeidsplassar, men det er óg aktuelt å halde det på regionale felles møteplassar. Fiskepiren som innfallsport til Ryfylke er aktuell til første året.

Samlinga blir i første omgang ein gang per år, men med mål om at det på sikt skal skje to ganger per år. Målet er å flytte samlinga rundt i regionen med utgangspunkt i ei bedrift eller eit sentral møtestad.

Når denne er på plass kan ein leggja til rette for busstur ei helg med fleire stopp, der ein kan sjå fleire aktørar i næringslivet, attraksjonar og kulturtilbod som regionen kan by på.

Arrangementet må byggjast opp over tid. Ungdommane vil ha noko å glede seg til: Når du blir 16 år kan du komme hit og byggja nettverk og du kan gjera det, og oppleva masse kjekt saman med andre. Det er viktig for dei unge å ha noko å sjå fram til.

I det vidare arbeidet med å planlegge treffet er det viktig at ungdomsstyret kjem med innspel til innhald og program som kan skape interesse og engasjement.

#### **Framlegg til vedtak:**

Ungdomsstyret kjem med konkrete innspel til innhald på arrangementet.

Det vil bli delt ut ei gruppeoppgåve på styremøtet som vil legge grunnlag til vedtak i saka.

### **Ungdomsstyret i Ryfylke**

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådriver for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.